

Konsert

med Raabygg

søndag 5. februar kl. 18:00

i Siddis-stova, Rektor Oldensgt. 17, Stavanger



Dans etter konserten
Vibå spelar

Billettpris: kr. 200,-

Velkomen. Helsing BUL Stavanger

Raabygg – ein trio du må høyre og oppleve.

Raabygg består av tre musikarar med felles interesse for både hits og bortgøymde låtar frå Agder. Med hardingfeler, song og harpeleik tek dei fatt i gamle melodiar og arrangerer desse intuitivt.

Kjernerepertoaret til Raabygg er folkemusikk frå Råbyggelaget, som er ei gammal nemning for dei indre bygdene på Agder. Musikken har eit stort spekter, og gruppa tek føre seg gangarar, springarar, brureslag, bånsullar og all slags runddans. I den eine augneblinken spelar gruppa forrykande rilar, medan dei i den neste syng ein dyster brureslått acapella.

Sjølv om kontrastane er store, ligg det heile tida ein raud tråd i historiane bak. For trass i at damene i Raabygg byrja å spele saman på Majorstua i Oslo, då alle gjekk på Musikkhøgskulen der, reiste dei ofte ut for å treffe dei gamle Agder-heltane. Gjennom fleire turar sørover har Raabygg lært nokre av dei beste slåttane, og ikkje minst fått høyre dei artigaste historiene. Det er desse dei plukkar fram når dei står på konsertscena.

Dei siste åra har Raabygg spelt mange konsertar rundt om i landet og vore å finne på mangt eit festivalprogram. Under Landskappleiken i Vågå i 2016 vann dei Open klasse og fekk med det innpass i Den norske opera og ballett på meisterkonsert påfølgjande haust. Det markerte slutten på lanseringsturneen for debutalbumet «Ein etter far» som kom ut i oktober.

Johanne Flottorp – Hardingfele, vokal

Tuva Færden – Hardingfele, vokal, lyre

Sigrd Kjetilsdotter Jore – Harpeleik, vokal, munnharpe